



Nylagt singel og møtande trafikk gjer Nibbevegen til ei tung - og lang - klatreøkt på sykkel.

(Alle foto: Helge Søvik)

Majestetisk sykkelturn

For 8. gong blir sykkelkonkurransen Nibberittet arrangert neste laurdag. Den 21 kilometer lange strekninga startar i sentrum av Geiranger og sluttar på Dalsnibba - 1500 bratte meter over verdsarvfjorden.

Testa Nibberittet:
Maria Nerhus

For 14. gong blir Halvmaraton arrangert, som går føre seg i den same løypa som Nibberittet. Geirangermarsjen blir arrangert for 15. gong. Her kan ein velgje ulike distansar.

For å få inngåande kjennskap til det populære arrangementet som idrettslaga i Geiranger og Eidsdal samarbeider om, bestemte Sunnmøringen seg for å teste løypa.

– Start forsiktig

Før start ved brannstasjonen flaug journalisten over sykkelstyret, truleg som eit varsku for slitet som venta. Med rikeleg drikke i sekken, og med Bente Karin Flem, i styringsgruppa, sine ord friskt i minnet:

– Ta det med ro i starten. Det er strekninga opp til Flydalsjuvet som er brattast.

Viktig med drikke

Med Flem sitt råd i tankane, startar den strabasiøse sykkelturen til topps. Ved fjorden ligg enorme

«Costa Magica» med plass til rundt 3.000 passasjerar. Det blei mange møte med bussar etter vegen.

Før sykkelen har tatt meg til Villa Utsikten, kjenner eg at venstrefoten er i ferd med å visne. Det er mest som foten sovnar.

Med vissheit om at eg har lagt bak meg det brattaste partiet, går det greitt fram til «Knuten», der kjedet hoppar av. Heldigvis er det einaste gongen det skjer på turen.

Når vegen flatar ut og snaufjellet ligg framfor meg, merkar eg at motvinden gjer sitt beste for å blåse meg bakover. Det blir tungt å sykle framover. Etter møtet med nye 180 graderssvingar, får eg med- og motvind etter annan kvar sving.

«Berre» 5 km att

– Hugs å drikke minst to deciliter veske for kvart tiande minutt, lydde også eitt av tipsa frå Bente Karin Flem.

Det vert hovedfokuset etter kvart som kilometerane ned til sentrum blir lenger og lenger unna.

Det slår meg omlag halvvegs at den tida eg har brukt for å kome meg hit, er omlag lik den dei sprekkaste i rittet bruker heilt til topps ...

Ved Blåfjell har eg sykla nær 16 kilometer og har «berre» fem att. Snøbreane gir kjærkomne vindgufs. Lite veit eg at Nibbevegen har blitt strødd med singel-grus som er mjuk i kantane. Det er nær sagt umogleg å sykle. Sykkeldekkja grev seg ned. Det er kjempetungt.



Idylliske Kvanndalssætra ligg fint i fjellsida.

Stenger Nibbevegen

Under arrangementet neste laurdag har arrangørane fått lov til å stenge bomvegen til Dalsnibba. Det gjer at deltakarane trygt kan ferdast langs den kronglete vegen. Høge snøskjeringar avgrensar sikten i fleire av svingane. Ålesund Paragliders Klubb skal bringe sluttidene for deltakarane luftvegen til sentrum av bygda.

Eg for min del, endar med å gå ein god del den siste strekninga. Lår og leggjar kjendest halvparten så lange som då eg starta ved fjorden.

Italiensk heiajeng

Mange bussar skal til toppen denne dagen. Det snevrar inn kvar det er mogleg å sykle. Tyske bobilar, som har passert meg på strekninga opp frå Djupvatnet, har allereie vore på toppen og beundra

den fantastiske utsikta over fjorden og fjella. Dei vinkar og helsar på veg ned. Det hadde vore godt å slenge sykkel og sekk i grøfta og heller jogga. Eg går surr i dei mange svingane. Kor mange har eg lagt bak meg? Kor mange har eg igjen? Av faktaopplysningar veit eg at her er 35 svingar, alle 180 graders, på strekninga.

Alt blir irrelevant når eg ser plåtået og høyrer italienske cruisepassasjerar heiar meg fram dei siste meterane. Ei slik avslutning får ikkje deltakarane laurdag etter som turistane ikkje får kome seg opp.

Utsikta frå Dalsnibba er om muleg endå flottare denne gongen.

Kjapt ned

Det tok langt under ein halvtime å kome nedatt.



Framleis optimisme i beina, med Vesterås i bakgrunnen.



Rune Maraak frå arrangementsstaben ønskjer lukke til ved starten i Geiranger sentrum.

Frå fjord til fjell til fjord igjen er unnagjort.

Storfjordvenene til Kvennhusneset



Tunet på Kvennhusneset ligg lunt og fint inn mot fjella.

(Foto: Storfjordens Venner)

Storfjordens Venner får det hektisk i helga. Ikkje nok med at organisasjonen i dag inviterer til «ope hus» på Skageflå, – i morgon er det klart for det årlege Storfjordstemnet.

Av Helge Søvik

Kvennhusneset i Norddal kommune blir samlingsstaden. Det gamle gardstunet ligg tvers over fjorden for Vika, og det er lagt opp til ein kjapp båttransport frå Valldal. Osvika, der storfjordvenene alt har vore samla til stemne tre gongar, siste gongen i 2000, ligg like innafor Kvennhusneset. Gardane her delte seter saman med Viken. Dit skal det framleis vere god rås.

Gardssoga

Også denne gongen blir det ulike programinnslag, i tillegg til informasjon om staden ein gje-ster. Kåre Tafjord, som er grunneigar, vil skildre historia til garden.

Storfjordens Venner «røper» i ei pressemelding at garden var stor nok til å fø to kyr, 20 geiter og nokre sauer. Dei høge fjella og bratte hamrane rett bak husa gjorde at det var lite sol utover hausten. Frå midten av oktober er sola vekke til slutten av februar. Det kunne vere vanskeleg å få tørka hograset i andreslåttan når sola ikkje tok nattedoggen. Hograset vart derfor frakta ned til sjøen og rodd over fjorden til Honeset. Der var det både sol og glatte svakberg til å tørke graset på.

Norsk Kulturarv

Direktør Grete Horntvedt i Norsk Kulturarv er invitert som stemnetalar, og sokneprest Morten Gravdal skal halde ord for dagen. Det blir song ved Nannestad Kammerkor og musikk ved Valldal Hornmusikk og Valldal Skulekorps. Og som så mange gongar før blir servering av romgraut eit sikkert innslag.

Sidan 1977

Det første Storfjordstemnet vart halde på Me-Åkerneset i 1977. I starten vart stemnet kombinert med årsmøtet, men frå 1981 vedtok styret å skilje arrangementa. Det første reine Storfjordstemnet vart såleis halde det året, i Matvika.



Det er ikkje den fantastiske naturen ein beundrar når målet er Dalsnibba på sykkel. Her frå eit parti ved Blåfjell.



Første 600 høgdemeterane er forsert. «Berre» 900 høgdemeter att av sykkelturen.



Dalsnibba vart nådd, for det meste sitjande på sykkel, jamvel om dei siste kilometerane var «beintøffe».

DEBATT - INNLEGG - DEBATT - INNLEGG - DEBATT - INNLEGG

Fjern «hevsdalslokket» frå planen

Det er ingen tvil om at det er stort engasjement for Hevdsalsplanen. Det blir sagt at over 80 merknader er komne inn. Mange av desse går på viktige enkeltsaker som fjerna hytter, nye heisetrasear og forringa alpinbakkar. Men det dei fleste snakkar om er dette såkalla «miljølokket» som skal dekke heile parkeringsplassen og mykje meir.

Kommunestyret har det fulle ansvar, men det er neppe så mange av desse som er brukarar av alpinbakkane, men då må de lytte til dei mange som både i fortid og notid er opptekne av alpinsenteret. Dei fleste fellar ein knusande dom over påfunnet som ingen nemnde eller ønska på folkemøtet før jul.

Skal ein kome vidare med eit

fornuftig planarbeid, må denne uhyrlege planen om betonglokk fjernast, reisande på riksveg 60 må framleis få lov å oppleve det flotte området.

Den sentrale oppgåva må bli å lage ein seriøs plan for kryssing av vegen. Det er to alternativ; bru eller undergang. Dei som snakkar om kraftig senking av vegen for å få til bru må ikkje gløyme elva som renn mellom stølen og alpinanlegget, den må fortsatt få lov å renne undanbakke.

Eg er sikker på at ei bru blir svært upraktisk, brukarane vil velge kortaste vegen mot varmes-tova, dei tek ikkje ein lang omveg, og då blir det kryssing i «hytt og pine».

Billegast og best blir ein undergang.

Mi oppmoding til kommunale

organ er: Fjerne «hevdsalslokket» frå planen omgåande og finn ei realistisk løysing for kryssing av vegen som Vegstellet godtek. Så må de ikkje tape av syne at det er Strandafjellet Skisenter som er basis for all utvikling i Hevdsalen. Forholda må leggest slik til rette at folk har lyst å kome til Strandafjellet. Det å møte ein «svart parkeringskjellar» er ikkje særleg spennande. Da vil det vere meir triveleg å kome til Fjellsæter, Stordal, Ørskogfjellet, Bjorli eller Stryn.

Ragnvald Støyna